UNIVERSITETET I BERGEN
*Økonomiavdelinga*

Universitetsmuseet i Bergen, Direktørens stab
Det samfunnsvitskaplege fakultet
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet
Det medisinsk-odontologiske fakultet
Det humanistiske fakultet
Det juridiske fakultet
Det psykologiske fakultet

| Referanse | Dato |
|---|---|
| 2014/12381-GRFL | 03.03.2015 |

## Rutiner gåve til UiB frå L. Meltzers Høyskolefond

Viser til informasjon vedr omlegging av tildelinger frå L. Meltzers høyskolefond (2014/10563) datert 22.10.2014.

I forbindelse med omlegging av tildeling av gåva vil deler av rutinene i forbindelse med tildelinga bli lagt om. I dette brevet vil viktige endringar bli beskrive.

Frå og med 2015 skriv fakulteta tildelingsbrev til dei som har fått tildeling ved fakultetet, både reisestipend og forskningstermin. Vedlagt er malar til både reisestipend og forskningstermin. Det er viktig at tildelingsbreva ikkje blir sendt ut før offentleggjering av gåva og disponeringa av den på L. Meltzers Høyskolefond sine nettsider, men bør sendast ut så snart som råd etter denne dato. Dato for offentleggjering er i 2015 9. mars.

Gåva har blitt fordelt mellom fakulteta og Universitetsmuseet, og det er dei som innstiller mottakarar av gåva. I tilfelle der opprinneleg mottakar av gåva ikkje bruker heile eller deler av gåva vil det vere opp til fakulteta å omdisponere midlane til andre tildelingar av same karakter.

UiB får ei samla gåve frå L. Meltzers Høyskolefond og skal dermed rapportere samla på bruken av gåva til fondet. Dei enkelte mottakarane vil framleis registrere den faglege rapporteringa i fondsdatabasen, mens fakultetet skal levere samla rapportering på bruken av fakultetet si tildeling. Økonomirapporten skal innehalde bruk per 31.12 kvart år og så lenge det er midlar igjen på ei tildeling skal det vere inkludert i den økonomiske rapporteringa. Rapporteringa skal sendast i ePhorte til Økonomiavdelinga seinast 15. mars frå og med 2016.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

| Økonomiavdelinga | Postadresse | Besøksadresse | Sakshandsamar |
|---|---|---|---|
| Telefon 55582100 | Postboks 7800 | Christiesgate 18 | Gry Flatabø |
| Telefaks | 5020 Bergen | Bergen | |
| postmottak@uib.no | | | |

Det vil også vere nokre endringar i PA-rutiner for gåva frå L. Meltzers Høyskolefond. Dei ligg vedlagt brevet og på BOA-wikien, der det vil bli løpande oppdatert ved endringar.

Venleg helsing

Kirsti Robertsen Aarøen
Fung. økonomidirektør

Gry Flatabø
seniorkonsulent

Vedlegg
1 PA-rutiner gave fra Meltzer
2 PA-rutine prosjektstipend Meltzer og støtte fra Bergen Universitetsfond
3 Mal tildelingsbrev Meltzer forskningstermin
4 Mal tildelingsbrev Meltzer reisestipend